

Europa, instituttet og faget

Av Ingar Kaldal

Av ein eller annan grunn er forholdet til Europa no også vorte sjølve spørsmålet ved Historisk institutt. Og da tenker eg ikkje på kantinediskusjonen om EF, sjøl om den stadig oftare er til stades. Nei, her skal det handle om innhaldet i faget: om forsking og undervisning, om kva vi skal bruke nye stillingar til og kva studentane bør lese. Men er det i så måte forholdet til akkurat Europa ein bør vera så opptekent av?

Forrige nr av «Historie» tyder på at det opptek studentane. Men Europa opptek også instituttet. Det har sett fram ønske om å få fleire nye stillingar tiltenkt akkurat feltet «europeisk historie» (det gjeld både eit professorat, ei amanuensisstilling, ein professor II (deltidsstilling) og enda ein rekrutteringsstipendiat – at neste stipendiat i moderne historie er ønska innan «europeisk», kjem attåt at den einaste AVH-stipendiaten instituttet har no, også arbeider med europeisk historie). Denne tiltenke styrkinga av Europa-profilen og diskusjonen om eurosentrisme kan tolkast som uttrykk for ei slags felles interesse av å la spørsmålet om Europa eller ikkje bli svært så avgjerande i diskusjonen om korleis faget og instituttet skal utviklast vidare. Som den kjettar eg da får lyst til å

vera, vil eg reise følgjande spørsmål: Kva er «europeisk historie»? Kva er eurosentrisk historie? Og ikkje minst: kva har det oppi alt dette for seg å drive med norsk historie?

1. Europeisk historie veit vel alle kva er, vil mange seie, for alle veit kva Europa er. Men etter at det er sendt søknadar om EF-medlemskap nokså langt austfrå, er det usikkert kor grensa kjem til å gå. I staden for å vera oppteken av den grensa, ser det likevel ut til at det er viktigare for ein del å sette grensa på Finnmarken (eg kjem på at noen har sagt det før, i ein annan samanheng). Rett nok meiner noen at norsk historie faktisk også er europeisk. Men det dei fleste tenker med «europeisk» i samband med pensum og stillingar i historie, er historia til dei «viktigaste» landa i Vest-Europa, og da utover Noreg. Av og til blir «europeisk» også presisert til «ikkje-norsk», og i siste instituttråd faktisk foreslege til «ikkje-nordisk». Slik går gjerne diskusjonen om geografiske grenser, medan andre spørsmål om kva sider ved faget det kunne ha vore spennande å utvikle vidare, lett kjem i bakgrunnen. Er det likegyldig for oss om vi får eit institutt av kvinnehistorikarar, økonomi-historikarar, kulturhistorikarar, kyrkjehistorikarar eller politiske historiekarakarar, viss berre

det dei kan, er «europeisk» og ikkje-norsk eller ikkje-nordisk nok?

2. Så til eurosentrismen. Kort til noe av det som står i siste nr av «Historie»: historiefaget bør ikkje sjåast som ein arena for «samtal» der ulike kulturar og sivilisasjonar skal møtast med kvar sine historieoppfatningar. Vi har heller ikkje eitt einsarta europeisk syn på historia, men mange. Sjøl europearar framstiller andre kulturar på fleire måtar. Dessutan finst det haugevis av interessante forskjellar mellom norsk og anna europeisk historie (kvifor skulle ikkje eg hevde det, som lenge har arbeidd med å få innsikt i utviklinga av det industrielle arbeidslivet ved blant anna å granske det vesle men vesentlige som har vore ulikt i to såpass like og nære miljø som Ranheim og Follaoss).

Når dette er sagt, er eg heilt enig i at vi som historikarar bør skaffe oss innsikt i samfunn og kulturar i eit mye større globalt spekter enn vi gjer i dag. Eg deler verkelig frykta for kva slags bilde av «verdshistorie» vi i dag sender med dei som skal lære ungane våre historie i skolen. Så kvifor ikkje sette ned ein komité til å skaffe seg oversikt over tenkelige alternativ til Palmer/Colton, og legge fram eit faglig grunngitt for-



slag om å bytte den ut - eller ikkje. Det spørsmålet bør i alle fall ikkje avgjerast utan at ein med handa på hjartet kan seie at alternativa er skikkelig vurdert.

3. Kva har det så for seg å drive med norsk historie oppi dette? Det kan argumenterast på fleire måtar for å legge mye vekt på norsk historie ved eit norsk historisk institutt (sjå f.eks. Slettans art. i dette nr). Kor mye plass det som handlar om forhold her til lands, skal ha på pensum, kan alltid diskuterast,

men la oss heller ikkje her forblinde av forholdet mellom sideatal og geografi. Svært mye av det vi studerer av forhold i Noreg, går ut på å trenge inn i emner og problem som ikkje berre har betydninga si avgrensa til eitt land. Eg skal ta eit eksempel frå det eg sjøl driv med:

I arbeidet med den studien eg nemnte ovafor, om to trønderske fabrikkmiljø, har eg aldri vore oppteken av at det eg driv med skulle ha relevans berre for den som er interessert i spesielt norsk

historie. Tvert imot har prosjektet gjort det nødvendig å forholde seg til ein omfattande internasjonal litteratur om feltet. Det ein tysk historikar har funne ut om eit tysk industrimiljø, er ofte nyttig for å klårgjera vesentlige sider ved forholda i eit norsk industrimiljø, og omvendt. Den nytten blir ikkje nødvendigvis verken mindre eller større fordi om studien er gjort i eit spesielt land. Når eg valde å studere to fabrikkmiljø, kunne det sjølsagt har gjort meg meir «internasjonal» om eg valde den andre bedrifta

Europa, instituttet og faget

FORTSETT FRÅ FORRIGE SIDE

blant papirfabrikkar i Frankrike, men Ranheim fortonte seg meir praktisk. Dessutan har eg aldri trudd at problemstillingar om industrielle samfunnsforhold skulle la seg belyse på noen mindre «verdshistorisk» eller internasjonalt relevant måte ved å studere Ranheim.

Slik bør vi også kunne sjå på det i pensum som handlar om forhold i Noreg, ikkje som noe utafor verdshistoria, men som eksempel og variant innafor ho. At vi som nordmenn legg mye vekt på å finne ut korleis ulike samfunnsprosessar har arta seg akkurat i Noreg, er ikkje urimelig (kva ville vera meir provinsielt enn å hevde det?). Eit anna poeng er at vi i undervisninga sikkert kan bli flinkare til på å samanlikne med forhold i andre land. Men la oss ikkje blande saman det å ha internasjonalt perspektiv eller ikkje, med korvidt og kor mye vi studerer forhold i Noreg. Den fella er det nok av andre som går i.

4. Konklusjon: Når vi skal utvikle faget vårt vidare, bør vi vera

opptekne av å finne forskingsstrategiar, studieobjekt og litteratur som gir svar på dei tema, problema og spørsmåla som vi er opptekne med. Finn vi det, er det ofte grunn til å sjå det som mindre avgjerande om eksempla blir henta på denne eller andre sida av Finnskogen eller grensene til EF.

Her er ikkje plass til å seie mye om kva spørsmål vi bør bruke faget til å finne svar på. Heilt allment handlar faget om å forstå korleis ulike typar samfunn og kulturar er vorte skapt, oppretthalde og endra. Kva vi er interesserte i innafor dette, varierer og bør variere. Sjølsagt bør historiefaget trenere oss i å reflektere omkring viktige samfunnsspørsmål som fattigdom, maktforhold, kjønnsroller, miljøkriser, krig osv. Men ei slik trening vil følge om det allmenne målet blir oppfylt (ovafor).

Å reflektere omkring samfunnsspørsmål vil vi først og fremst bli flinke til viss vi blir gode til å tenke historisk. Og til det trengst først og fremst eit historiefag som gir oss rikhaldige redskapsskrin og verktøykunnskapar, og ikkje berre «ferdighus» av oversiktskunnskap (kven ville finne på å sende med ein snekkar eit ferdighus frå yrkesskolen? - her fører eg vidare ein metaforbruk også

Knut Erik Strand er inne på i sistete nr av «Historie»). I ei tid da det som opptek oss i samtid, endrar seg, og i ein skole der pensum ikkje alltid dekker dei same emnene som ein lærte om på grunnfag, er det viktig at treninga i å kunne møte problema som historisk reflekterte menneske, går ut på å bli flinke til å gå laus også på ny litteratur på ein sjølstendig måte. Sjølsagt trengst ein viss grunnbokoversikt (sjøl den som bygger nytt eller bygger på, treng ein stad å bu under bygginga). Men om nødvendig bør «ferdigoversikten» over det vi alt har bygd, kunne reduserast noe for å få inn meir redskapstrening, trening i å bruke historiske begrep, å argumentere historisk, å drøfte og vurdere ulike perspektiv og syn på historiske epokar og fenomen. Ei pensumjustering som ivaretok dette, blir mulig å gjera når gamle Furre/Grimnes/Bull no kanskje skal byttast ut med den nye Furreboka for norsk historie etter 1905. Der sparar vi nesten 300 sider. Det bør kunne gi plass til å fylle inn litteratur som blant anna styrker det som mange no føler blir for tynt dekt med eit tolvtimarkurs i teori og metode. Her burde også finnast plass til noe meir skolering i ulike retningar innan faget.